

Interpellasjon til fylkestinget 12-13.12.17 frå Anne-Beth Njærheim Venstre.

Hordaland fylkeskommune som trafikksikker fylkeskommune.

Trafikksikker kommune er eit systematisk trafikktryggleiksarbeid for eit tryggare lokalmiljø. Hordaland fylkeskommune har i dag 4 godkjente trafikksikker kommunar, Vaksdal, Austrheim, Lindås og Bømlo som vart godkjente 22.11.17.

Trafikksikker kommune byggjer på ei godkjenningsordning, der fleire kriterie må vere oppfylt. At ein vert godkjent betyr ikkje at det ikkje kan skje trafikkulykker, men godkjenninga er eit kvalitetsstempel for godt, målbevisst og samordna arbeid med trafikktryggleik. I førre fylkestingsperiode var undertekna medlem av trafikksikringsutvalet og der vart det diskutert om ikkje Hordaland fylkeskommune skulle ha som mål å bli godkjent som trafikksikker fylkeskommune i tillegg til målsetnad om minst 10 godkjente kommunar i Hordaland. Det er ikkje følgt opp vidare.

Venstre vil derfor fremje forslag om at det skal utarbeidast ei politisk sak der ein kan få utgreidd kva det vil innebere for fylkeskommunen å bli godkjent som ein trafikksikker fylkeskommune, og satt i samanheng med pågåande samanslåingsprosessen med Sogn og Fjordane. Så vidt eg veit så er det ingen andre fylkeskommunar som har slik godkjenning, men det er om lag 60 kommunar totalt i Noreg som er godkjente som trafikksikker kommune.

I rettleiaren for godkjenningsordninga står: Kommunane er ein viktig aktør i trafikktryggleiksarbeidet, både som vegeigar, barnehage eigar, skule eigar, arbeidsgjevar og kjøp av transporttenester. Med unntak om barnehageeigar så gjeld det og for fylkeskommunen.

Gjennom lover og forskrifter har fylkeskommunen eit regionalt ansvar innan trafikktryggleiksarbeid. Å jobbe mot at Hordaland fylkeskommune kan bli godkjent som trafikksikker kommune vil vere eit viktig og nødvendig bidrag inn i dette arbeidet.

Framlegg til forslag:

Det skal utarbeidast ei politisk sak der ein kan få utgreidd kva det vil innebere for Hordaland fylkeskommune å bli godkjent som ein trafikksikker fylkeskommune.

01.12.2017 Anne-Beth Njærheim, Venstre